



Maria Skylstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2400 - 21/62454

Saksbehandlar:

Ole Martin Bolset

ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:

20.09.2021

Tilbakemelding på revidert planframlegg innsendt 15.09.2021

Viser til revidert planframlegg innsendt 15.09.2021.

Vilkår 2 og 3 i saksframlegget frå sak 125/21 er oppfylt.

Vilkår 1 i saksframlegget frå sak 125/21, ser vi ikkje som oppfylt.

Vilkår 1: *«1. Kvalitetar i RpBo#1 og RpBo#2 som invitera til sosialt samvær for menneske i ulike aldersgrupper, skal i planframlegget sine føresegner vere sikra opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for tilhøyrande bygg.»*

Det er i planframlegget sine føresegner sikra gangveg og sitteplassar. «Sitteplassar» er lite spesifikt, og kan opparbeidast utan at det vil invitere til sosialt samvær for menneske i ulike aldersgrupper. For at ein skal kunne godta «sitteplassar» som ein kvalitet som invitera til sosialt samvær for menneske i ulike aldersgrupper, må kvaliteten til sitteplassarane utdjupast.

Ein kan ta hovudutdjupinga av kvaliteten til «sitteplassar» i planomtalen, og vidare sikre dette i føresegna om de ser dette som den beste løysinga. Men ein må uansett ha sitteplassar, med den kvaliteten som krevst for at desse skal kunne invitere til sosialt samvær for menneske i ulike aldersgrupper, sikra i planframlegget sine føresegner.

Dette er ei tilbakemelding på den løysinga på vilkår 1 som de har føreslått. Om de har andre idear, i staden for eller i tillegg til sitteplassar, for å kunne løyse vilkår 1, kan desse framleis leggst fram for administrasjonen for godkjenning før utlegging til offentleg ettersyn og høyring.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Maria Skylstad
Sindre Øen